

Fiskefilmar frå Uskedalselva.

24.07.2017



Fiskar i Uskedalselva

Vi har tidlegare lagt lenke til fleire av filmane som Ole Martin Gilbu har laga frå Uskedalselva. Det er fleire fiskande filmskaparar som har vorte glade i denne elva. David Hansen og Stian Størksen Clemensen driv Fiskefilm som vart starta i 2013. Fiskefilm er i dag eit filmskaparstudio som lagar fiskefilmar og naturfilmar.

Fiskefilm skriv på heimesida si at dei legg hovudvekt på bruk av actionkamera i produksjonane sine. Det skal vera rått, ekte og usensurert. Samtidig som det er feelgood, og gjerne eit innslag av humor. Folk bak fiskefilm har drive med film og filmredigering i mange år, medan studioet fiskefilm vart oppretta for nokre år tilbake.

Dersom de går inn på heimesida deira www.fiskefilm.no, vil de finna to filmar med tilknytning til Uskedalen. Den eine er **En Laksefiskers Liv - A Salmonfishers Life**, og om den skriv dei innleiingsvis: «Den ujålete sannheten om Laksefiske. Mye tolmodighet, venting, hyppige besøk på værmeldingstjenester. Om og være i kjellern, og så i himmelen. Kammeratskap, humor, konkurransen, naturen. Følg oss gjennom motgang og medgang når vi besøker Uskedalen.....»

Den andre filmen heiter: **Uskedalsprinsen - Sunray Reborn**. Det er ein fugebindar film om fluga dei alltid fiskar med på Vestlandet og i klare elvar. Om bakgrunnen for namnet på fluga Uskedalsprinsen skriv dei følgjande: «Første gang jeg fisket Uskedalselva forelsket jeg meg brått i elva og omgivelsene. Det er en helt unik følelse og komme inn i dalen og se de nakne fjellveggene som reiser seg opp mot himmelen. Mens i bånn ligger den idylliske uskedalselva, som er en elv med mye fin små og mellomlaks. Her er også jordbruksområder med sau, hest og kuer i skjønn forening med både nakne og skogkledde fjellsider. Flua jeg hadde med meg til uskedalen, hadde jeg for anledning vestlandsturen akkurat funnet på. Ingen navn på flua, så når jeg fikk oppleve hvor godt den fisket i uskedalen, var det naturlig og kalle den opp derifra. «Uskedalsprinsen» kom det plutselig ut av skallen.....»

No når regnet, og dermed fiskeveret plutselig kom kan det passa godt å sjå filmane. Gå inn på www.fiskefilm.no . Klikk dåke inn og kos dåke med dei.

Tekst, arkivfoto og nett: Thor Inge Døssland

